Skipskap

Farskap rimar ikkje mykje på morskap. Farskap rimar på barskap. Farskap rimar på bannskap. Morskap rimar på lått. Og sut. Og klesskap. Kjøkenskap. Og eit skap full av fastlåste meiningar: Eit ammunisjonsskap.

Korleis ein enn skaper seg, vert det gale. Korleis ein enn skaper seg, er det berre skipingar. Atomfantomar, alle seier dei er de, eg ser ingenting. Eg forstår. Strevskap. Attom meg står skapet. Framom meg står skapet. Til venstre for meg står skapet. Til høgre for meg står skapet. Eg skapar meg. Eller. Eg går ut av skapet. Eller. Eg går inn i skapet. Eller.

Eg klatrar opp på skapet. Eg skipa skapa. Eg er ein dokk. Kanskje. Må hell og lukke følgje meg eller deg, på all di eller mi ferd, eller på alle ferdamål. Der og det, tenkjer eg meg. Det og der, eg ser alle skapa. Alle skipingane eg skapar meg. Eg skipar meg ei ny verd. Slik kan eg få perspektiv på tinga. Om eg tar til tida.

Kjem sjuande dagen snart?